



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato
25.05.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/6632 521.1
Dykkar referanse

Reidar Øksnes

5943 AUSTRHEIM

Svar gjeldande søknad om dispensasjon frå søknadsfristen i produksjonstilskot oktober 2017 - Reidar Øksnes - Austrheim

Fylkesmannen viser til dispensasjon, dagsett 24. mai 2018.

Vedtak

Fylkesmannen gjev føretaket Øksnes Reidar, org.nr 969 909 073, dispensasjon frå søknadsfristen i produksjonstilskot for søknadsomgangen oktober 2017.

Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014 med tilhørande rundskriv.

Kommunen må registrera endringane i opplysningane i søknaden din for oktober 2017.

Bakgrunn

Du driv med hald av sau i Austrheim kommune. Per 1. mai 2017 hadde du 87 søyer og 13 verar. Søknad om produksjonstilskot i mai vart sendt inn 29. mai 2017. Du hadde ikkje fått med deg dei nye fristane i nytt søknadssystem og søkte ikkje om produksjonstilskot i oktober 2017. Grunna nytt skjema og endring i praksis søkjer du no om dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2017.

Vurdering

I følgje *forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket og veileder til søknad om produksjonstilskot, søknad del 2 2017*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristen var 15. oktober, men dette første året i nytt system gjorde at det var høve til å registrera søknad inntil 29. oktober 2017.

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå reglane i forskrifta, jf. § 9. Du søkjer om dispensasjon frå § 8 andre ledd. Vilkåret om at dispensasjon kan gjevast i særlege tilfelle tyder at dispensasjon kun skal innvilgast når det føreligg ein særskilt og forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll, som igjen fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Fylkesmannen kan innvilga dispensasjonar i ein avgrensa periode. Det skal ikkje gjevast varige dispensasjonar.

Landbruksdirektoratet har, i rundskriv 2017-27, gjort greie for at sakshandsamar skal foreta ei konkret, skjønsmessig heilskapsvurdering av om det ligg føre eit særleg tilfelle som talar for at føretaket bør gjevast tilskot, sjølv om vilkåra i den aktuelle regelen ikkje er oppfylt.

Du søker om dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2017 då du ikkje søkte tilskot i oktober grunna fleire endringar i skjema og nye fristar.

Det går fram av rundskriv 2017-27 at det ikkje skal innvilgast dispensasjon dersom søknaden er grunngeven med at søker hevdar å ikkje kjenna reglane i forskrifta. Det er søker sitt eige ansvar å halda seg oppdatert på dei gjeldande reglane til ei kvar tid.

Då 2017 var eit overgangsåar med nytt søknadssystem og mange søkerar har hatt vanskar med å få sendt søknad eller ikkje fått med seg fristane, innvilgar Fylkesmannen dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2017.

Klagerett

Du har rett til å klaga på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger